



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
22.08.2018	97402/2018	Henny Totlandsdal

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	05.09.2018
	Fylkesrådmannens tilråding	13.09.2018
	Fylkesutvalet	24.09.2018
	Fylkestinget	15.10.2018

Søknad om forskottering for bygging av gang- og sykkelveg til Jevika i Nesset kommune

Bakgrunn

Denne saka gjeld spørsmålet om forskotering av gang- og sykkelveg langs fylkesveg 62 frå Hargot til Jevika på Rød i Nesset kommune.

Nesset kommune har i søknad datert 03.04.2018 søkt om forskotering for bygging av gang- og sykkelveg til Jevika på Rød. Det vart fatta vedtak i Nesset kommunestyremøte 22.03.18, ref. sak 15/18. Kommunen har gjennom Sweco Norge A/S utarbeida reguleringsplan på strekninga Jevika – Hargaut. Anslag av kostnader (etter anslagsmetoden) vart gjennomført av Sweco 18.12.2017.

Anslaget vart kvalitetssikra av Statens vegvesen (ref. notat 22.05.2018).

Geoteknisk prosjektering var og nødvendig for å få eit betre kostnadsestimat for heile prosjektet. Forventa kostnad er 66, 7 mill. kr og det er 70 prosent sannsynlighet_for at kostnaden blir mellom 59,8 mill. kroner og 73,1 mill. kroner. Nesset kommune har så langt bekosta om lag 1,8 mill. kroner i plan- og prosjekteringskostnader i perioden 2014- 2017. Anteke totalkostnader for prosjektet er da 75 mill. kroner.

Kommunen har søkt om å få forskotere prosjektet innafor ei ramme på 75 mill. kroner, med ønska oppstart i 2019. Statens vegvesen har konkludert med at anslaget ikkje inneheld store feil og manglar ut ifrå gjeldande føresetnader.

Føresetnader for forskotering av fylkesvegprosjekt er at prosjektet har så høg prioritet at det kan pårekna å få løvving for heile prosjektet innanfor gjeldande handlingsprogram for fylkesvegar (10 år) og under føresetnad av at framtidig fylkeskommunale budsjett følgjer opp handlingsprogrammet, jamfør sak T-32/10 Retningslinjer for forskotering av fylkesvegprosjekt.» :

1. Prosjektet er inne i handlingsprogram for fylkesvegar
2. Framtidige fylkeskommunale budsjett følgjer opp handlingsprogrammet
3. Det ligg føre ein godkjent reguleringsplan for prosjektet

Vurdering

Forskotering av veganlegg er ei moglegheit som kommunar og andre har for å framskunde investeringsprosjekt som ligg i investeringsprogrammet.

Som ein del av å vere ein aktiv utviklar, har fylkestinget godkjent at prosjekt på låg prioritering i investeringsprogrammet, kan settast i gang tidlegare enn kva prioriteringa tilsei gjennom forskotering. Ein føresetnad er at vilkåra i retningslinene for godkjenning av forskoteringssøknader er oppfylt.

Utbygging av gang- og sykkelvegnettet som eit verkemiddel for betre framkome, trafikksikring, folkehelse og klima er eitt av hovudmåla for innsats område Samferdsel i Fylkesplana. Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar ønsker i tillegg at det vert planlagt billegare gang- og sykkelvegnett rundt om i fylket. Målet er å få dei tilgjengelege midlane til å strekke lenger. Det vert lagt fram ei eiga sak om dette på møte i samferdselsutvalet 05.09.2018 – ref. bestilling frå fylkestinget i sak T-25/17.

Dei forskoteringssakene som har vore behandla sidan ordninga vart innført, har operert med ei kostnadsramme mellom 2-25 mill. kroner. Når det her vert søkt om 75 mill. kroner vil det om lag vere det tredoble beløpet av det som er planlagt sett av til gang- og sykkelveg prosjekt over heile fylket i løpet av et år. Det vil utgjere ei stor binding i den fylkeskommunale økonomien. I møtet mellom Nesset kommune, Sweco og Statens vegvesen i mai i år, vart Nesset kommune bedd om å sjå på kuttpotensiale i prosjektet. Kuttlista frå Sweco utgjer ein reduksjon på 2,4 mill. kroner, men Statens vegvesen meiner det fortsatt er mulegheiter for kutt i detaljprosjekteringen. Dette prosjektet må sjåast i samanheng med arbeid med forenkla standard for gang- og sykkelvegar, noko som inneber at kuttpotensiale for prosjektet må vurderast ytterlegare.

I behandling av sak T-63/17 Økonomiplan 2018-2021 på fylkestinget desember 2017 med budsjett for 2018 vart det vedteke i punkt 12 :

« Alle dei større investeringsprosjekta skal til behandling i fylkestinget før iverksetting. I dei enkelte sakene skal dei faktiske økonomiske konsekvensane av prosjektet framgå, inkl. varige endra driftskostnader. Det skal også gis ein vurdering av prosjektet sin verknad på det totale økonomiske handlingsrommet til fylkeskommunen det enkelte år. Ved større endringar av føresetnadane om ein økonomiplan i balanse, skal det vurderast om investeringsprosjekt må utsettast eller avlysast»

Fylkesrådmannen meiner at vurderinga av denne søknaden om forskotering i denne saka, fell innafor vedtaket ovafor.

I sak T 25/18 Investeringsprogram for fylkesvegar 2019-2017- behandla på fylkestinget i juni 2018 (gitt ramme til g/s- veg på 40 mill. kroner/år) er prosjektet prioritert som nr. 13 med estimert gjennomføring i 2026/2027 (med føresetnad om restfinansiering på 20 mill. kr i 2028).

I behandling av sak T 27/18 Strategi og rammer for arbeidet med økonomiplan 2019-2022, vart det gjort vedtak om endring i både drifts- og investeringsbudsjett allereie for 2018.

Det vart vedteke ein reduksjon i investeringsbudsjettet på fylkesvegprosjekt for inneverande år på om lag 50 mill. kroner.

Vidare føringar i same vedtak under punkt 6 og 7 :

- «Fylkestinget ber fylkesrådmannen utarbeide eit framlegg til økonomiplan 2019-2022 der investeringsbudsjettet er basert på samla ramme i kapittel 6.2 i denne saka. Prioritering innanfor ramma vert å kome attende til.
- Fylkestinget ber fylkesrådmannen allereie i budsjettframlegget for 2019 legge inn vesentlege innsparinger/effektiviseringar også på drifta slik at driftsbudsjett og investeringsbudsjett spelar på lag»

Sett opp mot tidlegare forskoteringsprosjekt, er prosjektet det her vert søkt forskotering om, vesentleg større enn tidlegare prosjekt og vil ved gjennomføring vere ei stor binding i den fylkeskommunale økonomien. Fylkesrådmannen rår derfor til at søknad om forskotering frå Nesset kommune ikkje vert godkjent.

Forslag til vedtak:

Fylkestinget godkjenner ikkje søknad om forskotering av gang- og sykkelveg til Jevika i Nesset kommune.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Vedlegg

- 1 Søknad om kommunal forskutting - gang- og sykkelvegen Jevika – Hargaut – Hammervoll - omtalt som gang- og sykkelvegen til Rød
- 2 Fv. 62 GSV Jevika - Hargaut - Hammervoll. KS av anslag